

Info til heimane om symjing for elevane på Austebygd skule - 18/19.

Symjeopplæringa vil gå i Radøyhallen dei 2 første timane om fredagane, frå 7/9-18.

Elevane som skal på symjing, følgjer skulebussen til Manger om morgonen.

OBS! Bussen er ved skulen sitt buss-stopp ca. kl. 07.50!

Me har ekstra innleigd buss tilbake - ca. kl. 09.40 frå Manger.

Kompetansemåla i læreplanen seier kva ferdigheiter elevane skal oppnå i symjing.

Etter 4.årstrinn skal eleven m.a.: "Vera symjedyktig ved å sleppa seg uti på djupt vatn, symja 100 meter på magen, og undervegs dykka ned og henta ein gjenstand med hendene, stoppa og kvila i 3 minutt (imens flyta på magen, orientera seg, rulla over, flyta på rygg); så symja 100 meter på rygg og ta seg opp på land."

Etter 7.årstrinn skal eleven m.a.: "Utføra grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen, på sida, under vatn, og kunna berga seg sjølv i vatn."

På Austebygd vert elevane i 18/19 delte i 3 symjegrupper:

1.-2.årstrinn, 3.-4. årstrinn, og 5.-6.-7.årstrinn.

Kvar gruppe får ein samanhengande periode med symjing i løpet av skuleåret, der dei to gruppene med elevar frå 1.-4.årstrinn får høgast prioritet, med flest gongar i bassenget.

Symje-instruktørar: Linn Stevnebø (Gr. 1), Oddvar Stang (Gr. 2) og Elin Nøttveit (Gr. 3).

Heidi Berg Marås vil vera med som fast assistent ved symjinga. Me vil tidvis også ha fleire vaksne med som ekstra assistentar, m.a. Turid Valle.

Ein av dei vaksne som skal på symjing, vert med på bussen frå Austebygd skule.

Oppsett for symjeopplæringa for skuleåret 18/19:

Gr. 1: 3. og 4.årstrinn:

7/9 - 14/9 - 21/9 - 28/9

5/10 - 19/10 - 26/10

2/11 - 16/11 - 23/11

30/11

Gr. 2: 5.-6. og 7. årstrinn:

7/12 - 14/12

4/1 - 11/1 - 18/1 - 25/1

8/2 - 15/2 - 22/2

Gr. 3: 1. og 2. årstrinn:

8/3 - 15/3 - 22/3 - 29/3

5/4 - 12/4 - 26/4

3/5 - 10/5 - 24/5



Austebygd skule, 17.august 2018

Vigdis Villanger
rektor